
Saksnr: 2019/11-116
Saksbehandlar Thorbjørn Aarethun
Dato: 29.09.2021

Til: Fylkestinget

Frå: Fylkeskommunedirektøren

Tilleggsnotat til sak om utpeiking av kandidat til styret i Geopark Sunnhordland A/S

På møte i valnemnda, 28.september 2021, vart det gjort vedtak om å utsette handsaminga av sak om utpeiking av kandidat til styret i Geopark Sunnhordland A/S.

Grunngjevinga for utsettinga var uvisse knytt til fylkeskommunen sitt engasjement og deltaking i styre for andre geoparkar i Vestland fylke. Administrasjonen vart bedt om å få avklart dette fram mot ny handsaming av saka om utpeiking av kandidat til styret i Geopark Sunnhordland A/S.

I Vestland fylke er det to regionalparkar som kan omtalast som geoparkar;

- Geopark Sunnhordland
- Fjordkysten regional- og geopark (Sognefjorden kystpark)

I motsetning til Geopark Sunnhordland er fylkeskommunen ikkje invitert til å peike ut representant til styret i Fjordkysten regional- og geopark.